

## Møtereferat

Til stades:	Terje Lohndal (leiar), Linn Okkenhaug Getz, Randi Solheim, Anders Ulstein (video), Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Wolf Ludwig Kuhn, Thor Bjørn Arlov (sekretær/referent)		
Forfall:	Vikas Thakur		
Kopi til:	Prorektor forskning		
Gjelder:	Utval for revidering av NTNUs språkpolitiske retningslinjer (Språkpolitikkutvalet), 5. møte		
Møtetid:	Fredag 22.04.2022 kl. 09.00-15.00	Møtestad:	Gløshaugen, Hovudbygninga 101 og digitalt (Teams)
Signatur:			

### 1. Innkalling og sakliste

Det var innkalla til møte i e-post og i Teams-kanalen til utvalet. Det var ingen merknader til innkallinga. Referat frå førre møte var sendt ut tidlegare blei godkjend.

#### SAKSLISTE

Sak	Tid	Innhald
1.	09.00-09.05	Innkalling, referat ( <a href="#">utkast på Teams</a> ) og dagsorden
2.	09.00-09.15	Orienteringar ved Terje og Thor Bjørn
3.	09.15-10.00	Gjennomgang av <a href="#">forslag til retningslinjer</a> (versjon 4-1, Teams)
	10.00-10.15	Kaffipause
	10.15-10.45	Gjennomgang av retningslinjer, forts.
4.	10.45-11.30	Gjennomgang av tilråding om tiltak, sjå <a href="#">tiltaksmatrise</a> (versjon 3-1, Teams)
	11.30-12.15	Lunsj i Kjelhuset
5.	12.15-13.30	Gjennomgang av <a href="#">utkast til rapport</a> (versjon 2-1, Teams)
	13.30-14.00	Kaffipause
	14.00-15.00	Gjennomgang av rapport, forts.
6.	15.00-	Eventuelt

### 2. Korte orienteringar og oppdateringar

- Thor Bjørn refererte frå møte med Institutt for språk og litteratur (ISL) om norskurs. Det er sterke ønske om styrking av tilbod og lokal kapasitet i Gjøvik og Ålesund.

<b>Postadresse</b>	<b>Org.nr. 974 767 880</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Sakshandsamar</b>
7491 Trondheim Norway	postmottak@ntnu.no www.ntnu.no	Høgskoleringen 1 Hovedbygningen	+47 73595000	Thor Bjørn Arlov thor.arlov@ntnu.no Tlf: 90635072

- Vi har purra på lenke til opptaket frå webinarret [ho har no komen og finst på utvalet si nettside). Det har kome nokre kommentarar på manglande teikntolking av webinarret, men elles få reaksjonar.

### 3. Gjennomgang av retningsliner

Utvalet jobba med tekstutkastet i sanntid og gjorde endringar og justeringar. Det blei diskutert om opplæring i akademisk skiving skal inn blant forslaga til tiltak, men ikkje konkludert. Terje arbeider vidare med andre avsnitt i føreordet.

Det er framleis ulike meiningar om 'parallellspråklegheit' i utvalet (§ 7). Det bør presiserast med mottoet 'norsk når du kan, engelsk når du må'.

I kapittel 2 om utdanning blei det stilt spørsmål om det trengst tiltak for å styrke norsk fagspråk gjennom insentiv til å produsere læremiddel. Dette blir vurdert i samband med neste versjon.

På slutten av møtet bad utvalet om at ein vurderte å omsette retningslinene til engelsk.

### 4. Tiltak

Utvalet gjekk gjennom utkastet til tiltaksmatrise (v. 3-1) og nokre endringar blei gjort i møtet. Ein revidert versjon blir lagt ut på Teams-kanalen og integrert i rapportutkastet.

### 5. Rapportutkast

Til møte låg det føre eit utkast til rapport, versjon 2-1. Utvalet var i hovudsak nøgd med utkastet. Nokre kommentarar hadde kome på førehand og blei innarbeida i versjon 2-2, medan andre endringar blei gjort i møtet. Leiar og sekretær lagar eit nytt utkast og legg ut på Teams for kommentarar og innspel.

Utvalet var samd i at rapportutkastet kan sendast sendt på ei intern, uformell kommentarrunde på ISL, både til instituttleiar og dei kontaktane vi har hatt med teiknspråk og tolking.

### 6. Eventuelt

- Det var inga saker til Eventuelt. Utvalet var godt nøgd med møtet.
- Neste møte (digitalt) er måndag 23. mai kl. 13.00-15.00. Førebels innkalling er sendt ut, sakliste kjem veka før møtet.